

Bjørg Skiftesvik

Mangersnesvegen 212

5936 Manger

Manger, 24.10.2020

Alver Kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug.

Merknad til detaljreguleringsplan for Manger barneskule.

Eg er ikkje i mot tilbygg til Manger skule, men dette er for lite.

Etter påbygging vil skulen ha 12 klasserom og plass til 220 elevar. Skulen har no 12 klasser, to trinn er ikkje delt. Dette er 5. og 6. trinn. Det betyr at allereie i 2023 vil skulen ha trong for 13 klasserom og i 2024 ha trong for 14 klasserom. Det er fint å telja elevar men kanskje klasser ville vore betre.

Tilhøva på sfo som har base på gamleskulen. Dette bygget vil få eit ekstra klasserom, men det er ikkje gjort noko med garderobe/toalett. Det er to toalett i bygget delt på 60 barn. Vert det gratis sfo vil talet på barn auka. I garderoben deler to barn ein knagg og hylle på 28 cm, dvs. 14 cm til sekk og regntøy/vinterdress huer vottar osv. til kvart barn.

Hovudbygget er frå 1964 og av betong. Skal det skal rivast og flyttast mange vegger, kjøkken og teknisk rom samtidig som det er undervisning. Korleis vert arbeidsmiljøet til elevane då.

Areal for barn med trong for særskilt tilrettelegging, i kjellaren på tilbygget? Dette slutta vi med for 50 år sia. Desse barna skal vera i nærleiken av klassen sin. Spesialpedagogisk base kan liggja i kjellaren.

Det er 6 toalett i vestfløyen. Små barn bør tisse før dei tek på regnkjede, dei skal vera kjappe viss dei skal koma fram i dokøen før friminuttet er over.

Fotballbana er den delen ar uteområdet som vert mest brukt, men det treng nytt dekke.

Helsing

Bjørg Skiftesvik